



CISV Nordhordland
Co/Sveinung Nilsen, Haugvegen 29
5914 ISDALSTØ

Dato: 08.07.2016
Vår ref.: 2016/3710-46
Saksbehandlar: anethom
Dykkar ref.:

Att. Sveinung Nilsen

Driftsstønad til regionale barne- og ungdomsorganisasjonar

Vi viser til søknaden dykker om Driftsstønad til regionale barne- og ungdomsorganisasjonar våren 2016.

Dykker organisasjon vert gitt avslag i denne ordninga.

Grunngjeving:

Det er ikkje høve for fleire enn eitt regionalledd å verte tildelt driftsstønad i denne ordninga, jf. retningsline 4F: *Dersom organisasjonen har fleire enn eitt regionalledd i Hordaland, vil det vere øvste ledet i Hordaland som er rett mottakar av driftstilskotet.* CISV Hordaland fylkeslag har også søkt denne ordninga og er det øvste ledet i Hordaland og er difor rett mottakar av driftstilskotet.

Utval for kultur, idrett og regional utvikling vedtok i møte 19.januar 2016 nye retningsliner for *Driftsstønad til regionale barne- og ungdomsorganisasjonar* (sak 2015/898-144) og at desse ville gjelde frå og med 2016. Fylkesrådmannen fekk fullmakt til å fordele tilskotsmidlane etter desse retningslinene. Søknad om dispensasjon vart vedteke til å leggjast fram for Utval for kultur, idrett og regional utvikling til handsaming før fylkesrådmannen gjennomfører kvantitativ fordeling av tilskotsmidlane.

Klage/partsinnsyn

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket innan ein frist på tre – 3 – veker. Fristen vert rekna frå den dagen organisasjonen tok i mot melding om fordelinga. Klagenemnda for Hordaland fylkeskommune er klageinstans. Klagen skal sendast til Hordaland fylkeskommune, hfk@hfk.no merka Klage – saksnummer. Klagen må innehalde opplysningar om kva det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast.

Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Ronny Skaar
fung. fylkesdirektør, kultur, idrett

Marianne Ose Askvik
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Vedlegg: Retningsliner
Vedlegg: Fordeling 2016 med delsum